

Evalueringsprogram 2008–2010

August 2008



Norad

Direktoratet for utviklingssamarbeid
Norwegian Agency for Development Cooperation

Pb. 8034 Dep, 0030 OSLO
Ruseløkkveien 26, Oslo, Norge
Tlf.: 22 24 20 30 Fax: 22 24 20 31

Layout og trykk: Lobo Media AS, 2008
ISBN 978-82-7548-316-2

Evalueringsprogram 2008 - 2010

Strategiske føringer

Evalueringsprogrammet byggjer på instruksen for evaluering frå mai 2006 og evalueringsavdelinga sin eigen Evalueringspolitikk fram til 2010. I programmet for 2008 – 2010 vil vi leggje særleg vekt på:

- statens økonomistyringsreglements pålegg om at evaluering skal ta utgangspunkt i det som er vesentleg, har eigenart eller inneber risiko
- at heile budsjettområde 03 (utviklingsbudsjettet) blir dekkja over tid
- område som blir politisk prioritert framover
- samarbeid med andre givarar og organisasjonar gjennom fellesevalueringar og på andre måtar i den grad det er mogleg
- å få fram resultatane av verksemda i dei enkelte evalueringsprosjekta
- å halde fram med forsøk med å bruke forskarar og konsulentar frå Sør
- å følgje pengebruken betre i utvalde evalueringar

Programmet er rullerande, og endringar kan gjerast. Gjennomføringa vil til eikvar tid vere avhengig av tilgjengelege ressursar. Det kan også komme nye ønske om evaluering som endrar tidsramma. Månadleg oppdatering av planlagde og pågåande evalueringsprosjekt finn du på nettsida www.norad.no/evaluering.

Landevalueringar og andre tiltak i enkeltland

Evaluering av felles givarkontor i Juba, Sør-Sudan

Evalueringsavdelinga har tatt på seg å evaluere dette felleskontoret på vegner av dei bilaterale givarane som er med. Kontrakt med det engelske selskapet ITAD vart underskriven i juni 2008, og endeleg rapport er planlagt for november 2008.

Ansvarleg: Balbir Singh

Evaluering av norsk bistand til Vest-Balkan (tidlegare Jugoslavia)

Landa i det tidlegare Jugoslavia mottok 600 mill kroner i 2007. Det har ikkje vore gjennomført noko omfattande evaluering av denne bistanden, og ut frå omfanget bør det gjerast. Hovudføremålet vil vere å dokumentere resultat av den norske bistanden over ein viss periode. Ei evaluering vil også kunne få fram nyttige erfaringar når det gjeld humanitær hjelp og utviklingssamarbeid i ein overgangsfase.

Førebuingane er i gang, og oppdraget vil bli lagt ut på anbud i oktober 2008.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

Evaluering av norsk (og evt. andre givarnasjonars) utviklingsinnsats i Afghanistan

Bistanden til Afghanistan er svært omfattande både frå norsk og andre lands side, og inneber særlege utfordringar. Ein kan seie at dette utviklingssamarbeidet både er vesentleg, har eigenart og inneber stor risiko. Vi vil invitere andre givararar til å bli med på denne evalueringa, som vil bli gjennomført i 2010.

Tematiske evalueringar

Norsk bistand på fiskerisektoren

Ei evaluering av norsk bistand på fiskeriområdet dei siste 15 - 20 åra, med vekt på resultat. Det britiske konsultantselskapet MRAG gjennomfører evalueringa i samarbeid med ECON-Pöry og Natural Resources Institute, London. Rapporten vil liggje føre i oktober 2008.
Ansvarleg: Balbir Singh

Evaluering av norsk bistand til å ta vare på kulturarven

Føremålet med denne evalueringa er å skaffe innsikt i og erfaring frå det arbeidet som blir gjort frå norsk side for å ta vare på kulturarven i samarbeidsland. Med bakgrunn i vurdering av mellom anna relevans og resultat av bistanden vil evalueringa kunne gi råd om framtidig retning av bistanden på området.
Kontrakt vil bli underskriven i september 2008, og rapporten er planlagt å liggje føre i februar 2009.
Ansvarleg: Anette Haug

Sektorprogrammet for utdanning i Nepal

Norge ved Evalueringsavdelinga er bedt av nepalske styresmakter og givarane om å ta samordningsansvaret for evaluering av det omfattande sektorprogrammet på utdanningsområdet i Nepal. Evalueringa vil dekke fasen frå 2004 til 2009, og rapporten vil liggje til grunn for eit framhald av programmet frå og med 2010. Evalueringa vil bli gjennomført hausten 2008/vinteren 2009.
Ansvarleg: Vibecke Dixon

Forskningsprogrammet "Utviklingsvegane i Sør"

Det er tidlegare bestemt at dette forskningsprogrammet, som er administrert av Norsk Forskningsråd, skal sluttevaluert i 2008. Vi vil prøve å bruke forskarar frå utviklingsland til å gjennomføre denne evalueringa, som vil starte opp hausten 2008.
Ansvarleg: Hans Peter Melby

Evaluering av NUFU og NOMA

Føremålet med å evaluere Norads masterprogram NOMA og Nasjonalt program for utviklingsrelatert forskning og utdanning NUFU, er å vurdere resultatene i høve til dei måla som er sett for desse to programma. Evalueringa vil bli gjennomført våren 2009.

Evaluering av norsk bistand til næringsutvikling

Næringsutvikling har komme meir i fokus i utviklingsdebatten den siste tida. Det er behov for å få eit betre grunnlag for å vurdere korleis bistand kan bidra til næringsliv og produksjon i utviklingsland. Evalueringa vil konsentrere seg om nokre av støtteordningane for næringslivet i norsk bistand. Evalueringa vil bli gjennomført i 2009.
Ansvarleg: Jon Teigland

Norsk bistand for å fremje funksjonshemma sine rettar

Bistand både til styresmakter og til organisasjonar som arbeider med å betre situasjonen for funksjonshemma og sikre deira rettar har vore eit viktig element i norsk utviklingssamarbeid. Ein plan for arbeidet med menneske med funksjonshemming i norsk bistand vart vedtatt i 1999. Vi tar sikte på å gjennomføre denne evalueringa i 2010.

Strategi for Norges kultur- og idrettssamarbeid med land i Sør

Denne strategien, som vart lansert i 2005, og som gjeld for perioden 2006-2010, skal evaluerast i 2010.

Evalueringssamarbeid om klima og skog

Evalueringsavdelinga har innleia eit samarbeid med Verdsbankens uavhengige evalueringssgruppe for å få oversikt over erfaringar og kartleggje kor ein manglar kunnskap når det gjeld klimarett utvikingssamarbeid innafor skogsektoren. Dette samarbeidet, som

startar med eit resultatseminar i september 2008, kan føre til oppfølging som omfattar evaluering av innsats på området.

Ansvarleg: Hans Peter Melby

Bistand gjennom det sivile samfunnet

Bistand gjennom norske organisasjonar i Nord-Uganda

I den vidare oppfølginga av tilrådingane frå Rattsø-utvalet om bistand gjennom norske organisasjonar vil det bli gjennomført to evalueringar av bistanden gjennom norske organisasjonar i Uganda. Den første gjeld innsats i det konfliktramme Nord-Uganda, der norske organisasjonar vil bli inkluderte i studien. Seks ugandiske firma og institusjonar vart inviterte til ein avgrensa anbuds konkurranse, og Image Consult fekk tilslaget. Rapport er venta seinhaustes 2008.

Ansvarleg: Beate Bull

Langsiktig utviklingssamarbeid gjennom norske organisasjonar i Uganda

Den andre studien vil omfatte den langsiktige bistanden gjennom norske organisasjonar. Dette oppdraget vil bli lagt ut på anbud etter invitasjon i Uganda i løpet av hausten 2008. Det er eit eksperiment at vi brukar kompetanse i Sør til desse to evalueringane.

Ansvarleg: Beate Bull

Strategisk partnerskap på landnivå

Det er eit ønske frå Norad å få gjennomført ei evaluering av ordninga med å kanalisere bistand over landprogram eller regionprogram gjennom norske frivillige organisasjonar, såkalla strategisk partnerskap. Eit føremål med ei slik evaluering vil vere å finne ut om dette er ei tenleg ordning for norske ambassadar. Evalueringa kan også samanlikne aktivitetar som blir finansiert under denne ordninga med tilsvarande verksemd finansiert på annan måte. Det vil vere naturleg å velje ut to-tre samarbeidsland der ordninga er utbreidd for ei slik evaluering. Evalueringa vil starte opp i 2009.

Aga Khan-nettverket som partner i norsk utviklingssamarbeid

Denne evalueringa er foreslått av ein ambassade. Aga Khan er ein organisasjon som får omfattande norsk stønad og opererer i mange land. Det vil vere interessant å vurdere organisasjonen både som dialogpartner og forvaltar av norsk bistand.

Evalueringa vil bli gjennomført i 2009.

Ansvarleg: Anette Haug

Humanitær bistand, menneskerettar og demokrati

Norsk Folkehjelps mineryddingsprogram

Målet for denne evalueringa er å trekkje lærdom frå mineryddingsinnsatsen som grunnlag for vidare arbeid. Læringskomponenten vil her vere viktigare enn kontrollen. Evalueringa vil starte opp hausten 2008.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

Evaluering av samanheng mellom nødhjelp, rehabilitering og utvikling etter tsunamien (LRRD 2)

Denne er ei fellesevaluering leia av Sidas evalueringsavdeling for å evaluere Linkage of Relief, Rehabilitation and Development (LRRD) etter tsunami-katastrofen. Den opphavlege tsunami-evalueringa vart gjort for kort tid etter katastrofen til å kunne dekke dette aspektet ved tsunami-responsen tilfredsstillande. Evalueringa vil bli gjennomført hausten 2008, og rapporten vil liggje føre i første kvartal 2009.

Ansvarleg: Anette Haug

Strategiar og tilnærmingar i arbeid mot korrupsjon

Dette er eit norsk initiativ som andre nordiske land, DFID og Asiabanken er blitt med på. Ei forstudie er gjort av Scanteam, og hovudprosjektet er venta å starte opp i slutten av 2008.
Ansvarleg: Hans Peter Melby

Evaluering av norsk bistand til å fremje menneskerettane

Arbeid for menneskerettane (MR) er eit område som er blitt lite evaluert. Evalueringsavdelinga planlegg å evaluere MR-innsats. Å sjå nærare på MR-dialogane er eit alternativ. Tidsplan og opplegg vil bli drøfta nærmare med UD. Det er aktuelt å starte opp i løpet av 2009.

Norsk senter for demokratistøtte

Sentret, som nå har vore i verksemd i 6-7 år, representerte ein ny måte å arbeide med demokratistøtte på ved å gi statleg stønad til samarbeid mellom politiske parti i Norge og samarbeidsland i Sør. Det er behov for ei vurdering av kva som er gjort hittil, og kva som er oppnådd. Evalueringa vil bli gjennomført i 2009.

Fred og konfliktforebygging

Evaluering av norsk fredsinnnsats på Haiti

Evalueringsavdelinga har leia arbeidet med å utvikle ein rettleiar for evaluering av fredsbygging og konfliktforebygging. Innafor OECD/DACs evalueringsnettverk blir det nå gjennomført fleire evalueringar for å prøve ut denne rettleiaren. Frå norsk side vil vi evaluere vårt bidrag til fredsbygging på Haiti. Andre givarar er også i ferd med å gjennomføre eigne gjennomgangar i Haiti. Det har ikkje vore grunnlag for ei felles evaluering, men ein vil utveksle informasjon og drøfte erfaringar mellom partnarane. Evalueringa blir lagt ut på anbud i september 2008.

Ansvarleg: Beate Bull

Evaluering av fredsbygging og konfliktforebygging i Sør-Sudan

Nederland tatt initiativ til ei felles evaluering av fredsinnnsatsen i Sør-Sudan dei siste åra. Evalueringsavdelinga har sagt seg interessert i å vere partnar i studien, som vil bli gjennomført i 2009.

Multilateral bistand og globale initiativ

Norsk bistand til demokrati gjennom multilaterale organisasjonar

Ein stor del av norsk bistand på dette området blir kanalisert gjennom multilaterale organ, anten på globalt nivå eller i norske samarbeidsland. Denne evalueringa vil ha som føremål å vurdere relevans, kostnadseffektivitet og resultat av norske midlar som går gjennom den multilaterale kanalen. Evalueringsoppdraget vil bli lagt ut på anbud i september/oktober 2008.
Ansvarleg: Vibecke Dixon

Evalueringsfunksjonen til FNs kontrollorgan OIOS

Evalueringsavdelinga deltar i ei "peer review" av evalueringsfunksjonen i Office of Internal Oversight Services, som har ansvar for kontroll av midlar som går gjennom FN-sekretariatet. Sveits har teke på seg leiaransvaret for denne gjennomgangen, og rapporten er venta på nyåret 2009.

Ansvarleg: Vibecke Dixon

Den internasjonale migrasjonsorganisasjonen IOMs innsats mot menneskehandel

UD og Norad ønskjer å få evaluert IOMs arbeid mot menneskehandel. På dette området er organisasjonen den klart største partnaren for Norge. Norad og UD vil på førehand ha gjort ei kartlegging av internasjonale trendar på område og ein gjennomgang av dokumentasjon som gjeld norsk innsats mot menneskehandel. Dersom dette skal gjelde aktivitetane til IOM som

ein internasjonal organisasjon vil det truleg vere nødvendig å gjere ei slik evaluering saman med andre givarar. Evalueringa vil bli starta opp i 2009.

Ansvarleg: Siv Lillestøl

FNs pengebruk

Det er eit ønske i UD å vite meir om ressursbruk og pengestraumar i FN-systemet, ikkje minst på bakgrunn av at ein så stor del av det norske utviklingsbudsjettet går gjennom FN. Det er ikkje mogleg for eitt medlemsland å gjennomføre djuptpløyande evaluering av FN, og ein slik studie må basere seg på offentleg tilgjengeleg informasjon. Oppdraget vil difor bli gjennomført som ein deskstudie.

Ansvarleg: Balbir Singh

Bistand til utdanning gjennom multilaterale kanalar

Ein stor del av norsk bistand til grunnutdanning er øymerkt bistand gjennom multilaterale organ, særleg Verdsbanken og Unicef. Det har lenge vore eit ønske om å ei grundig evaluering av denne innsatsen. Dersom vi avgrensar evalueringa til øymerkte norske midlar, har vi mandat til å evaluere. Dette prosjektet vil starte opp i 2009.

Bistand for å styrkje fattige lands kapasitet for å delta i internasjonal handel

Norge har gjennom mange år gitt bistand til ulike multilaterale organ (UNCTAD, WTO, ITC, Verdsbanken) for å styrkje fattige lands høve til å delta i forhandlingar om internasjonal handel og styrkje eksporten. Ei evaluering av denne støtten vil bli sett i gong i 2009.

Ymse

Følgjene av budsjettstøtte for tidlegare temainnsatsar

Etter kvart som budsjettstønad har blitt ei sentral bistandsform i mange samarbeidsland har tidlegare temainnsatsar blitt avslutta. Det er behov for å vite meir om kva som skjer på slike enkeltområde. Det er aktuelt å ta to eksempel; reproduktiv helse i Mosambik og utdanning i Zambia. Dette er ei evaluering der det vil vere ein fordel å ha med andre givarar.

Evalueringa vil bli starta opp i 2009.

Kapasitetsutvikling i afrikanske låginntektsland

På oppdrag frå Evalueringsavdelinga har Scanteam gjort ei litteratur- og konseptstudie av bistand til kapasitetsutvikling i fattige afrikanske land. Det låg i dette oppdraget å foreslå ei breiare oppfølgingsstudie eller evaluering for å kartleggje kva som fungerer og ikkje fungerer. Ei slik studie bør gjerast i samarbeid med andre land.

Ansvarleg: Balbir Singh

Verknadsevaluering av tidlegare langsiktig innsats

Eit førebuande arbeid for å evaluere langsiktige verknader av norsk bistandsinnsats (impact) etter at innsatsen er avslutta er blitt førebudd av avdelinga. Det vil bli gjennomført evaluering av tre slike program. Tema som er aktuelle er helse, veg, skog og miljø, og aktuelle land er Tanzania, Botswana og India.

Ansvarleg: Balbir Singh

Komparativ evaluering av bistand gjennom ulike kanalar

Det har aldri vore gjennomført gode komparative studiar av kvalitet på og resultat av bistand gjennom ulike kanalar, multilateral, bilateral, frivillige organisasjonar eller globale initiativ. Det vil vere ei stor utfordring å få til ei slik evaluering, og det vil kreve samarbeid mellom fleire givarar og organisasjonar. Evalueringsavdelinga vil sonde med andre evalueringseiningar med tanke på å få til eit samarbeid om ei slik studie i eit eller fleire land.

EVALUATION REPORTS

- 1.94 Evaluation of World Food Programme
- 2.94 Evaluation of the Norwegian Junior Expert Programme with UN Organisations
- 1.95 Technical Cooperation in Transition
- 2.95 Evaluering av FN-sambandet i Norge
- 3.95 NGOs as a Channel in Development aid
- 3A.95 Rapport fra Presentasjonsmøte av «Evalueringen av de Frivillige Organisasjoner»
- 4.95 Rural Development and Local Government in Tanzania
- 5.95 Integration of Environmental Concerns into Norwegian Bilateral Development Assistance: Policies and Performance
- 1.96 NORAD's Support of the Remote Area Development Programme (RADP) in Botswana
- 2.96 Norwegian Development Aid Experiences. A Review of Evaluation Studies 1986–92
- 3.96 The Norwegian People's Aid Mine Clearance Project in Cambodia
- 4.96 Democratic Global Civil Governance Report of the 1995 Benchmark Survey of NGOs
- 5.96 Evaluation of the Yearbook "Human Rights in Developing Countries"
- 1.97 Evaluation of Norwegian Assistance to Prevent and Control HIV/AIDS
- 2.97 «Kultursjokk og Korrektiv» – Evaluering av UD/NORADs Studiereiser for Lærere
- 3.97 Evaluation of Decentralisation and Development
- 4.97 Evaluation of Norwegian Assistance to Peace, Reconciliation and Rehabilitation in Mozambique
- 5.97 Aid to Basic Education in Africa – Opportunities and Constraints
- 6.97 Norwegian Church Aid's Humanitarian and Peace-Making Work in Mali
- 7.97 Aid as a Tool for Promotion of Human Rights and Democracy: What can Norway do?
- 8.97 Evaluation of the Nordic Africa Institute, Uppsala
- 9.97 Evaluation of Norwegian Assistance to Worldview International Foundation
- 10.97 Review of Norwegian Assistance to IPS
- 11.97 Evaluation of Norwegian Humanitarian Assistance to the Sudan
- 12.97 Cooperation for Health Development WHO's Support to Programmes at Country Level
- 1.98 "Twinning for Development". Institutional Cooperation between Public Institutions in Norway and the South
- 2.98 Institutional Cooperation between Sokoine and Norwegian Agricultural Universities
- 3.98 Development through Institutions? Institutional Development Promoted by Norwegian Private Companies and Consulting Firms
- 4.98 Development through Institutions? Institutional Development Promoted by Norwegian Non-Governmental Organisations
- 5.98 Development through Institutions? Institutional Development in Norwegian Bilateral Assistance. Synthesis Report
- 6.98 Managing Good Fortune – Macroeconomic Management and the Role of Aid in Botswana
- 7.98 The World Bank and Poverty in Africa
- 8.98 Evaluation of the Norwegian Program for Indigenous Peoples
- 9.98 Evaluering av Informasjons støtten til RORGene
- 10.98 Strategy for Assistance to Children in Norwegian Development Cooperation
- 11.98 Norwegian Assistance to Countries in Conflict
- 12.98 Evaluation of the Development Cooperation between Norway and Nicaragua
- 13.98 UNICEF-komiteen i Norge
- 14.98 Relief Work in Complex Emergencies
- 1.99 WID/Gender Units and the Experience of Gender Mainstreaming in Multilateral Organisations
- 2.99 International Planned Parenthood Federation – Policy and Effectiveness at Country and Regional Levels
- 3.99 Evaluation of Norwegian Support to Psycho-Social Projects in Bosnia-Herzegovina and the Caucasus
- 4.99 Evaluation of the Tanzania-Norway Development Cooperation 1994–1997
- 5.99 Building African Consulting Capacity
- 6.99 Aid and Conditionality
- 7.99 Policies and Strategies for Poverty Reduction in Norwegian Development Aid
- 8.99 Aid Coordination and Aid Effectiveness
- 9.99 Evaluation of the United Nations Capital Development Fund (UNCDF)
- 10.99 Evaluation of AWEPA, The Association of European Parliamentarians for Africa, and AEI, The African European Institute
- 1.00 Review of Norwegian Health-related Development Cooperation 1988–1997
- 2.00 Norwegian Support to the Education Sector. Overview of Policies and Trends 1988–1998
- 3.00 The Project "Training for Peace in Southern Africa"
- 4.00 En kartlegging av erfaringer med norsk bistand gjennom frivillige organisasjoner 1987–1999
- 5.00 Evaluation of the NUFU programme
- 6.00 Making Government Smaller and More Efficient. The Botswana Case
- 7.00 Evaluation of the Norwegian Plan of Action for Nuclear Safety Priorities, Organisation, Implementation
- 8.00 Evaluation of the Norwegian Mixed Credits Programme
- 9.00 "Norwegians? Who needs Norwegians?" Explaining the Oslo Back Channel: Norway's Political Past in the Middle East
- 10.00 Taken for Granted? An Evaluation of Norway's Special Grant for the Environment
- 1.01 Evaluation of the Norwegian Human Rights Fund
- 2.01 Economic Impacts on the Least Developed Countries of the Elimination of Import Tariffs on their Products
- 3.01 Evaluation of the Public Support to the Norwegian NGOs Working in Nicaragua 1994–1999
- 3A.01 Evaluación del Apoyo Público a las ONGs Noruegas que Trabajan en Nicaragua 1994–1999
- 4.01 The International Monetary Fund and the World Bank Cooperation on Poverty Reduction
- 5.01 Evaluation of Development Co-operation between Bangladesh and Norway, 1995–2000
- 6.01 Can democratisation prevent conflicts? Lessons from sub-Saharan Africa
- 7.01 Reconciliation Among Young People in the Balkans An Evaluation of the Post Pessimist Network
- 1.02 Evaluation of the Norwegian Resource Bank for Democracy and Human Rights (NORDEM)
- 2.02 Evaluation of the International Humanitarian Assistance of the Norwegian Red Cross
- 3.02 Evaluation of ACOPAMA n ILO program for "Cooperative and Organizational Support to Grassroots Initiatives" in Western Africa 1978 – 1999
- 3A.02 Évaluation du programme ACOPAMA n programme du BIT sur l'« Appui associatif et coopératif aux initiatives de Développement à la Base » en Afrique de l'Ouest de 1978 à 1999
- 4.02 Legal Aid Against the Odds Evaluation of the Civil Rights Project (CRP) of the Norwegian Refugee Council in former Yugoslavia
- 1.03 Evaluation of the Norwegian Investment Fund for Developing Countries (Norfund)
- 2.03 Evaluation of the Norwegian Education Trust Fund for African the World Bank
- 3.03 Evaluering av Bistandstorgets Evalueringsnettverk
- 1.04 Towards Strategic Framework for Peacebuilding: Getting Their Act Together. Overview Report of the Joint Utstein Study of the Peacebuilding.
- 2.04 Norwegian peacebuilding policies: Lessons Learnt and Challenges Ahead
- 3.04 Evaluation of CESAR's activities in the Middle East Funded by Norway
- 4.04 Evaluering av ordningen med støtte gjennom paraplyorganisasjoner. Eksempifisert ved støtte til Norsk Misjons Bistandsnemda og Atlas-alliansen
- 5.04 Study of the impact of the work of FORUT in Sri Lanka: Building Civil Society
- 6.04 Study of the impact of the work of Save the Children Norway in Ethiopia: Building Civil Society
- 1.05 Study of the impact of the work of FORUT in Sri Lanka and Save the Children Norway in Ethiopia: Building Civil Society
- 1.05 Evaluation of the Norad Fellowship Programme
- 2.05 Women Can Do It – an evaluation of the WCDI programme in the Western Balkans
- 3.05 Gender and Development – a review of evaluation report 1997–2004
- 4.05 Evaluation of the Framework Agreement between the Government of Norway and the United Nations Environment Programme (UNEP)
- 5.05 Evaluation of the "Strategy for Women and Gender Equality in Development Cooperation (1997–2005)"
- 1.06 Inter-Ministerial Cooperation. An Effective Model for Capacity Development?
- 2.06 Evaluation of Fredskorpset
- 1.06 – Synthesis Report: Lessons from Evaluations of Women and Gender Equality in Development Cooperation
- 1.07 Evaluation of the Norwegian Petroleum-Related Assistance
- 1.07 – Synteserapport: Humanitær innsats ved naturkatastrofer: En syntese av evalueringsfunn
- 1.07 – Study: The Norwegian International Effort against Female Genital Mutilation
- 2.07 Evaluation of Norwegian Power-related Assistance
- 2.07 – Study Development Cooperation through Norwegian NGOs in South America
- 3.07 Evaluation of the Effects of the using M-621 Cargo Trucks in Humanitarian Transport Operations
- 4.07 Evaluation of Norwegian Development Support to Zambia (1991 - 2005)
- 5.07 Evaluation of the Development Cooperation to Norwegian NGOs in Guatemala
- 1.08 Evaluations of the Norwegian Emergency Preparedness System (NOREPS)
- 1.08 Study: The challenge of Assessing Aid Impact: A review of Norwegian Evaluation Practise
- 2.08 Joint Evaluation of the Trust Fund for Environmentally and Socially Sustainable Development (TFESSD)

Norad

Direktoratet for utviklingssamarbeid
*Norwegian Agency for
Development Cooperation*

Postadresse:

Pb. 8034 Dep, 0030 Oslo

Kontoradresse:

Ruseløkkveien 26, Oslo, Norge

Tlf.: 22 24 20 30

Fax: 22 24 20 31

Postmottak@norad.no

www.norad.no

Opplag: 500

August 2008

ISBN 978-82-7548-316-2